

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal

Protokoll nr. 03/14

Møtedato 01.10.14

Medlemmer:

Varamedlemmer:

Tilstades: x

X	Maritta Ohrstrand, KS, Kristiansund kommune, leiar		Magnhild Vik, KS, Rauma kommune
X	Svein Anders Grimstad, Styremedlem HMR		Yvonne Wold, Styremedlem HMR
X	Petter Bjørdal, Styremedlem HMR		
X	Christian Bjelke, Fylkeslege		Marit Hovde Syltebø, Seksjonsleiar, Fylkeslegen
X	Liv Stette, KS, Ålesund kommune		Wenche Solheim, KS, Ørsta kommune
	Anders Riise, KS, Hareid kommune		Thorbjørn Fylling, KS, Ørskog kommune
X	Arne Sverre Dahl, KS, Molde kommune		Helge A. Carlsen, KS, Kristiansund kommune
	Hanne-Lilian Søvik, Brukarutvalet HMR		Karsten Aak, Brukarutvalet HMR
X	Janita Skogeng, Adm. samhandlingsutval, Sunnmøre		Ragnhild Velsvik Berge, Herøy kommune
	Olaug Haugen, Adm. samhandlingsutval, Nordmøre og Romsdal	X	Ketil Gaupset, Klinikksjef HMR
X	Hilde Furnes Johannesen, føretakstillitsvalt LO		Knut Ivar Egset, hovudtillitsvalt LO
X	Sissel Bjørnhjell, KS, hovudtillitsvalt, LO		Hild Våge, KS, Ørsta kommune
X	Terje Kjøl, fylkesstyremedlem, NSF, representant for UNIO		Anette Lekve, hovudtillitsvalt, NSF, representant for UNIO
X	Gunhild Rolandsen, fylkesleiar, NSF representant for UNIO		Solveig Kiperberg Viddal, tillitsvalt NSF, representant for UNIO
X	Helge Ristesund, Ass. direktør HMR		Astrid Eidsvik, Adm. direktør HMR
X	Britt Valderhaug Tyrhom, Samhandlingssjef HMR		Espen Remme, Strategi- og utviklingssjef HMR

Andre:

Sekretariat:

Helse Møre og Romsdal HF v/Randi Spjelkavik Ramnefjell

Møtet i Overordna Samhandlingsutval av Møre og Romsdal vart halde på Molde Sjukehus, Sagbakken – Hus 2, og starta kl. 10:00.

Leiar Maritta Ohrstrand ønska alle velkomne.

Fråvær: Hanne-Lilian Søvik, Olaug Haugen, Anders Riise. Ketil Gaupset gjekk kl 12:50

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal behandla følgjande saker i møtet:

**Sak 2014/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
UNDERSKRIFT AV PROTOKOLL NR. 02/14 FRÅ MØTE 24.04.2014.**

Innstilling:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

Overordna samhandlingsutval skreiv under protokoll nr. 01/14 som vart godkjent i møte 15.01.2014.

Sak 2014/16 ORIENTERINGSSAKER

Innstilling:

- 1) Orientering om val av nye representantar til Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal HF
- 2) Orientering frå Samhandlingssjef – Kristiansund og Omegn legevakt
- 3) Ynskje om utsetting av frist til 1. november 2014 – samhandlingsavtala.

Protokoll:

- 1) Oppnemning av nye representantar i Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal, skal vere på plass frå 2015.
- 2) Orientering frå samhandlingssjef om skriv angående Kristiansund og Omegn legevakt. Orientering om denne saka opp som sak i neste møte i Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal
- 3) Orientering frå samhandlingssjef vedrørende ynskje om utsetting av frist til 1. november – samarbeidsavtala. Utsetting er godkjent.

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal tek orienterings sakene til vitande.

Sak 2014/17 SAMARBEID OM REDUKSJON AV TVANG I PSYKISK HELSEVERN

Innstilling:

Klinikkjef Ketil L Gaupset v/Klinikk for psykisk helsevern, orienterte om samarbeid om reduksjon av tvang i psykisk helsevern.

Klinikk for psykisk helsevern har gjennomført eit møte med Rådet for psykisk helse der tvang var tema. Rådet for psykisk helse driver eit prosjekt finansiert av Helsedirektoratet med mål om å auke frivilligheita gjennom gode rutiner og samarbeidsrelasjonar mellom ulike hjelpenivå. Rådet for psykisk helse ynskjer å bistå i eit arbeid saman med Klinikk for psykisk helsevern, kommunane og brukarane for å redusere bruk av tvang (spesielt tvangsinnleggelsar).

Ein ser for seg at det skal etablerast ei prosjektgruppe som bl.a. skal bestå av:

- Brukarar
- Kommunerepresentantar
- Klinikk for psykisk helsevern
- Praksiskonsulent
- Rådet for psykisk helse

Det er eit ynskje om at Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal gir støtte til prosjektet og gir råd om korleis utvalg av representantar frå kommunane til prosjektet skal gjennomførast.

Protokoll:

Forslag til endring av pkt 2 i vedtak:

- Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal tiltrår at ein tek kontakt med dei tre regionråda i fylket, for oppnemning av deltakarar til ei arbeidsgruppe som skal planlegge arbeidet.

Forslag til endring av pkt 3 i vedtak:

- Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal ber om å bli orientert om arbeidet underveis.

Endringane vart samrøysta vedteke

Vedtak:

- Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal, ser positivt på det viktige initiativet som er gjort for å redusere bruken av tvang i psykiatrien
- Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal tilrår at ein tek kontakt med dei tre regionråda i fylket, for oppnemning av deltakarar til ei arbeidsgruppe som skal planlegge arbeidet.
- Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal ber om å bli orientert om arbeidet underveis.

Sak 2014/18 OPPSUMMERING FRÅ DIALOGMØTE 08.09.14. – VEGEN VIDAREInnstilling:

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm ga ei oppsummering frå dialogmøte 08.09.14 og vegen vidare.

Protokoll:

Forslag til endring av vedtak:

1. Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal tek saka til orientering
2. Ein ber den partsamansette arbeidsgruppa (Liv Stette, Britt Rakvåg Roald, Olaug Haugen, Espen Remme, Stian Endresen, Kenneth Swan og Britt Valderhaug Tyrholm) for identifisering av samhandlingsområde, om å utarbeide ein handlingsplan med prioritering av tiltak for 2015.

Endringa vart samrøysta vedteke.

Vedtak:

1. Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal tek saka til orientering
2. Ein ber den partsamansette arbeidsgruppa (Liv Stette, Britt Rakvåg Roald, Olaug Haugen, Espen Remme, Stian Endresen, Kenneth Swan og Britt Valderhaug Tyrholm) for identifisering av samhandlingsområde, om å utarbeide ein handlingsplan med prioritering av tiltak for 2015.

Sak 2014/19 FORSLAG TIL NY SAMHANDLINGSSTRUKTUR I MØRE OG ROMSDAL

Innstilling:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal (OSU) ser i utgangspunktet positivt på den nye strukturen som er foreslått for vidare utvikling av samhandlinga mellom kommunane og helseføretaket.

OSU tilrår at forslaget om å etablere fire nye lokale samhandlingsutvalg i tilknytning til det enkelte sjukehusområdet blir utgreid vidare før tiltaket eventuelt kan bli foreslått som ein integrert del av ny samhandlingsstruktur.

Overordna samhandlingsutval tilrår at det opprettast eit fagleg/administrativt arbeidsutval som representerar partane for å forberede saker ovanfor OSU. OSU tilrår at det oppnemnas ein representant frå kvar av regionråda i tillegg til at strategi- og utviklingsjefen og samhandlingsjefen inngår i utvalet.

Protokoll:

Liv Stette fremma eit forslag om at OSU støtter hovudprinsippa i arbeidsgruppa sitt forslag og oversender det til forhandlingsutvalet for vidare behandling.

Protokolltilførsel fra Hilde Furnes Johannessen, der ho ber om at dei tillitsvalte blir oppnemnt i utvala jfr felleserklæringa.

Votering:

5 stemmer for forslaget til Liv Stette
2 stemmer for innstillinga

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal (OSU), støtter hovudprinsippa i arbeidsgruppa sitt forslag og oversender det til forhandlingsutvalet for vidare behandling.

Protokolltilførsel fra Hilde Furnes Johannessen – føretakstillitsvalt LO:

Ein ber om at dei tillitsvalte blir oppnevnt i utvala, jfr felleserklæringa.

Sak 2014/20 EVENTUELT

Ingen saker under eventuelt

Sak 2014/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 02/14 FRÅ MØTE 24.04.2014.

Innstilling:

Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 03/14
frå møte 01.10.2014.

Vedtak:

Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 03/14
frå møte 01.10.2014.

Møtet slutt kl.13:35

Maritta Ohrstrand

Liv Stette

Christian Bjelke

Britt Valderhaug Tyrholm

Ketil L. Gaupset

Terje Kjøl

Janita Skogeng

Sissel Bjørnhjell

Petter Bjørdal

Svein Anders Grimstad

Hilde Furnes Johannes

Gunhild Rolandsen

Arne Sverre Dahl

Helge Ristesund